



**Saksgang:** kontrollutvalet  
**Saks nr.:** 25/21

**Møtedato:** 26. mai 2021  
**Sakshandsamar:** Solveig Kvamme

---

## UTTALE TIL ÅRSREKNESKAP OG ÅRSBERETNING FOR 2020 – INGEBRIGT DAVIK-HUSET KF

---

### Vedlegg:

1. Revisjonsberetning fra Møre og Romsdal Revisjon SA datert 11.mai 2021.
2. Årsrekneskap 2020 med noter - Ingebrigt Davik-huset KF
3. Årsberetning 2020 - Ingebrigt Davik-huset KF

### Bakgrunn

Kontrollutvalet har det overordna ansvaret med å sjå til at det blir ført kontroll med at økonomiforvaltninga til kommunen går føre seg i samsvar med gjeldande avgjersler og vedtak, jf. kommunelova § 23-2.

Ansvaret til kontrollutvalet for å føra kontroll med økonomiforvaltninga blir framheva i kommunelova som eit særskilt ansvar ved sida av ansvaret for reknesaksrevisjon, forvalningsrevisjon og eigarskapkontroll.

Dagens kommunelov stiller ei rekke nye og grunnleggande krav til økonomiforvaltning og berekraft i kommunane, jf. kommunelova § 14-1.

Dette krev at økonomisk handleevne må takast vare på over tid, planer for eiga verksemd og økonomi skal vera realistiske, finansielle middel og gjeld skal forvaltast utan vesentleg finansiell risiko og betalingsforpliktingar skal innfriast ved forfall.

Ny kommunelov forsterkar altså desse krava og legg ansvaret på kommunestyret til å sjå til at økonomiforvaltninga skjer i tråd med lov, forskrift og eigne føresegner.

Kontrollutvalet sitt ansvar er å uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapane og årsberetningane før formannskapet innstiller til vedtak, jf. kommunelova § 14-3. Kommunen skal og utarbeide rekneskap for kvart kommunale føretak. Jf. kommunelova § 14-6.

Ny kommunelov har ei presisering om at kontrollutvalet sin uttale og skal handla om årsberetninga. Tidlegare tok kontrollutvalet årsberetninga berre til vitande.

## Vurdering

Kontrollutvalet skal 26. mai 2021 behandle årsrekneskap og årsberetning for 2020 for Ingebrigts Davik-huset KF, som er lagt fram av føretaket datert 10. mai 2021, samt tilhøyrande revisjonsberetning datert 11. mai 2021.

Ingebrigts Davik-huset KF har i 2020 eit negativt netto driftsresultat på kr 166 968. Revisor har i revisjonsberetninga ikkje gitt merknader til årsrekneskapen eller årsberetninga.

Det er opp til kontrollutvalet sjølv å bestemma kva uttalen frå kontrollutvalet til årsrekneskap og årsberetning skal innehalde. Verken kommunelov eller kontrollutvalsforskrift stiller konkrete krav til innhaldet, ut over at den skal knyta seg til forhold i årsrekneskapen eller årsberetninga og tilhøyrande revisjonsberetning.

### Årsrekneskapen

Kontrollutvalet skal kontrollera at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og at kommunestyret sine målsetjingar er oppfylt.

Kontrollutvalet kan følgjeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagde årsrekneskapen, føretaket si årsberetning og revisjonsberetninga.

I tillegg har oppdragsansvarleg revisor supplert kontrollutvalet med relevant informasjon. Revisor har bekrefta at bokføringa er i tråd med bokføringsregelverket. Ingen avvik er rapportert eller avdekt gjennom året frå kommunerevisjonen.

### Føretaket si årsberetning

Årsberetninga skal mellom anna omtale forhold som er viktige for å vurdera den økonomiske utviklinga og stillinga, og om desse tek vare på den økonomiske handleevne over tid.

Det er nærliggande å vurdere dette som sentrale moment i uttalen frå kontrollutvalet.  
Årsberetninga skal innehalde ei vurdering av:

- føretaket si måloppnåing og andre ikkje-økonomiske forhold som er av vesentleg verdi for kommunen eller innbyggjarane.
- tiltak som er sett i verk og tiltak som blir planlagd sett i verk for å sikra ein høg etisk standard.
- den faktiske tilstanden når det gjeld likestilling av kjønn.
- kva føretaket gjer for å oppfylla aktivitetsplikta til arbeidsgivar etter likestillings- og diskrimineringslova § 26.

Årsberetninga gjev tilfredsstillande opplysningar i forhold til desse punkta. Revisor melder òg i si revisjonsberetning at årsrekneskapen inneheld dei opplysningane som lov og forskrift krev. Opplysningane om økonomi i årsberetninga stemmer overeins med årsrekneskapen.

## **Konklusjon**

Med grunnlag i kontrollutvalet sine kontrollaktivitetar retta mot økonomiforvaltninga samt ei samla vurdering, tilrår kontrollutvalet at årsrekneskap og årsberetning for 2020 blir godkjent slik den ligg føre.

Dette bygger utvalet på ulike orienteringar og saker frå kommunerevisjonen i løpet av året. Kontrollutvalet har fått presentert revisjonsplan, forenkla etterlevingskontroll, interimrevisjon og unummererte forhold. Slik sett har kontrollutvalet eit godt fagleg grunnlag for å gje sin uttale. Den endelige revisjonsberetninga er ei normalberetning gitt utan atterhald. Dette betyr at revisjonen ikkje har avdekt eller påvist vesentlege feil og manglar i kommunen si rapportering.

Kontrollutvalet merkar seg at årsrekneskap og årsberetning 2020 ikkje var levert innan gjeldande fristar og at revisor difor gav ei førebels revisjonsberetning datert 15.april 2021. Denne vart trekt tilbake og erstatta med den endelige revisjonsberetninga datert 11. mai 2021.

Kontrollutvalet er ikkje kjent med andre forhold i dialog med revisor som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet, jf kommunelova § 14-3

## **Tilråding til vedtak**

Med grunnlag i kontrollutvalet sine kontrollaktivitetar retta mot økonomiforvaltninga uttaler kontrollutvalet følgjande:

Ålesund kontrollutval tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsberetning 2020 for Ingebrigts Davik-huset KF.

**MRR**  
Møre og Romsdal Revisjon SA

Til kommunestyret i Ålesund kommune

Kopi:  
Kontrollutvalet  
Formannskapet  
Kommunedirektøren  
Styret

**Melding frå uavhengig revisor**

**Utsegn om revisjonen av årsrekneskapen**

**Konklusjon**

Vi har revidert særrekneskapen for Ingebrigts Davik-huset KF som viser eit negativt netto driftsresultat på kr 166 968.

Årsrekneskapen består av balanse per 31. desember 2020, oversikt over løyingar til drift, økonomisk oversikt drift og oversikt over samla budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato, samt notar til årsrekneskapen.

Etter vår mening er det særrekneskapen gitt i samsvar med lov og forskrift, og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Ingebrigts Davik-huset KF per 31. desember 2020, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

**Grunnlag for konklusjonen**

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god communal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisionsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av føretaket, slik det er krav om i lov og forskrift, og har etterlevd dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

**Ytterlegare informasjon**

Leiinga er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av ytterlegare informasjon i føretakets årsrapport, men ikkje særrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi atesterer ikkje denne informasjonen. Vi viser elles til avsnittet «Konklusjon om årsmeldinga» og «Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik» under vår utsegn om andre lovmessige krav.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese den ytterlegare informasjonen, for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom den og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om den tilsynelatende innehold vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den ytterlegare informasjonen innehold vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere om det.

#### **Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen**

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll dei finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje innehold vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilskikta.

#### **Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen**

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje innehold vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som innehold vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilskikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser, kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar, basert på årsrekneskapen.

For vidare framstsilling av revisor sine oppgåver blir det vist til:

[www.nkr.no/revisjonsberetninger](http://www.nkr.no/revisjonsberetninger)

#### **Utsegn om andre lovmessige krav**

#### **Konklusjon om registrering og dokumentasjon**

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av føretaket sine rekneskapsopplysningar, i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

#### **Konklusjon om årsmeldinga**

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at årsmeldinga innehold dei opplysningane som lov og forskrift krev, og at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

#### **Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik**

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit, knytt til Ingebrigts Davik-huset KF si forklaring for vesentlege budsjettavvik, enten det skuldast beløpsmessige avvik eller avvik frå kommunestyret sine premissar for bruken av løyingane.

**MRR**  
Møre og Romsdal Revisjon SA

**Konklusjon**

Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis, er vi ikkje blitt kjende med forhold som gjev grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

**Andre forhold**

Denne revisjonsmeldinga erstattar tidlegare avgitte revisjonsmelding datert 15. april 2021, som blei gitt ved utløpet av kommunelova sin frist for å avlege revisjonsmelding. Føretaket sitt årsrekneskap og årsmelding var på dette tidspunkt ikkje utarbeidd.

Molde, 11. mai 2021

**Møre og Romsdal Revisjon SA**



Anne Jorunn Vatne  
*oppdragsansvarleg revisor*



# Økonomisk oversikt - drift

5 Ingebrigts Davik-huset KF - 2020

22.02.2021

Bruker: LISBETH Klokken: 09:33

Program: XKOST-HC Versjon: 18

**Økonomiske oversikter**

**Utvalgskriterier**

Selskap	5	Ingebrigts Davik-huset KF
Region	0	INGEBRIGT DAVIK-HUSET KF
Regnskapsår	2020	
Periode	0 - 12	
Spesifikasjon pr	Ingen	

**Styringsparametere**

Ikke ta med budsjettendringer       Skriv ut sammenligningskolonner  
 Periodisert budsjett

Kommune/fylkeskommune: Kirkelig fellesråd -> Konsolidert regnskap

Økonomisk oversikt drift  
 Anskaffelse og anvendelse av midler  
 Balanse  
 Endring arbeidskapital  
 Bevilgningsoversikt - drift (Regnskap)  
 Bevilgningsoversikt - investering (Regnskap)  
 Bevilgningsoversikt - drift (Budsjett)  
 Bevilgningsoversikt - investering (Budsjett)

Detaljer  
 Vis medlemskonti  
 Skjul null-linjer

Ekstra dimensjon: Ingen

Balancesiffer for rapportene  
"Anskaffelse og anvendelse av midler"  
og "Endring arbeidskapital"      Antall: 9  
Starter på: 2

**Kjør rapport**

TBja



# Økonomisk oversikt - drift

5 Ingebrigts Davik-huset KF - 2020

22.02.2021

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
<b>Driftsinntekter</b>				
1 Rammetilskudd	0,00	0,00	0,00	0,00
2 Inntekts- og formuesskatt	0,00	0,00	0,00	0,00
3 Eiendomsskatt	0,00	0,00	0,00	0,00
4 Andre skatteinntekter	0,00	0,00	0,00	0,00
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	201.278,00	0,00	0,00	0,00
1810 Overføringer fra staten	-201.278,00	0,00	0,00	0,00
6 Overføringer og tilskudd fra andre	3.527.288,78	3.649.693,00	3.649.693,00	0,00
1710 Refusjon sykelønn	-104.598,00	0,00	0,00	0,00
1729 Komp. Merverdiavgift	-186.907,78	-175.270,00	-175.270,00	0,00
1770 Refusjon fra andre	-4.000,00	-446.423,00	-446.423,00	0,00
1771 Refusjon fra andre (eksterne arrangør)	-278.783,00	0,00	0,00	0,00
1780 Salg til egen kommune/kommunalt foretak	0,00	-2.678.000,00	-2.678.000,00	0,00
1880 Overføring fra kommunale foretak/egen kommune	-2.678.000,00	0,00	0,00	0,00
1881 Overføring fra eigen kommune (meirbruk/mot-koord)	-125.000,00	0,00	0,00	0,00
1890 Overføringer fra andre/private sponsor	-150.000,00	-350.000,00	-350.000,00	0,00
7 Brukerbetalinger	0,00	0,00	0,00	0,00
8 Salgs- og leieinntekter	834.040,14	1.500.105,00	1.500.105,00	0,00
1629 Billettinntekter- avg.fri	-363.281,81	-685.615,00	-685.615,00	0,00
1650 Billettinntekter- avg.pl (kino)	-134.460,99	-814.490,00	-814.490,00	0,00
1651 Kiosk/Salsinntekt - avg.pl	-326.275,34	0,00	0,00	0,00
1652 Provision/reklameinntekt - avg.pl.	-10.022,00	0,00	0,00	0,00
<b>9 Sum driftsinntekter</b>	<b>4.562.606,92</b>	<b>5.149.798,00</b>	<b>5.149.798,00</b>	<b>0,00</b>
<b>Driftsutgifter</b>				
10 Lønnsutgifter	1.987.523,48	1.929.004,00	1.929.004,00	0,00
1010 Lønn faste stillinger	1.855.263,69	1.810.164,00	1.810.164,00	0,00
1013 Variable tillegg	0,00	26.936,00	26.936,00	0,00
1016 Avtalefesta tillegg (fast)	33.640,73	0,00	0,00	0,00
1030 Lønn ekstrahjelp	6.234,28	0,00	0,00	0,00
1058 Avg.pl bilgodtgjørelse	1.036,63	0,00	0,00	0,00
1059 Anna lønn og godtgjørelse	16.100,00	14.504,00	14.504,00	0,00
1060 Trekkpliktige ytelsjer	13.176,00	0,00	0,00	0,00
1061 Motkonto trekkpliktige ytelsjer	-13.176,00	0,00	0,00	0,00
1082 Møtegodtgjørelse	67.755,50	56.980,00	56.980,00	0,00
1160 Bilgodtgjøresle - opplysningspliktig	7.492,65	20.420,00	20.420,00	0,00
11 Sosiale utgifter	450.903,60	613.494,00	613.494,00	0,00
1090 Pensjonsutgifter - KLP - fellesordning	225.813,42	296.380,00	296.380,00	0,00
1094 Forsikring ulykke/gruppeliv- oppgavepliktig	5.157,81	6.216,00	6.216,00	0,00
1099 Arbeidsgiveravgift	219.932,37	310.898,00	310.898,00	0,00
12 Kjøp av varer og tjenester	2.125.584,28	2.432.105,00	2.432.105,00	0,00
1100 Kontormateriell	8.363,12	9.189,00	9.189,00	0,00
1115 Kioskvarer	177.786,05	183.780,00	183.780,00	0,00
1116 Kommunal servering	0,00	17.357,00	17.357,00	0,00
1120 Renholdsartikler	10.928,53	8.168,00	8.168,00	0,00
1121 Arbeidsklær	34.146,00	0,00	0,00	0,00
1123 Velferdstiltak - ansatte	5.161,38	0,00	0,00	0,00
1124 Velferdstiltak/mat/div - artistar	10.146,41	0,00	0,00	0,00
1127 Leige av film	100.809,89	0,00	0,00	0,00
1129 Andre forbruksvarer og tjenester	4.847,82	877.039,00	877.039,00	0,00
1130 Telefon og datakommunikasjon	26.116,78	24.504,00	24.504,00	0,00
1131 Porto og frakt	72,00	7.147,00	7.147,00	0,00
1133 Bankgebyr	12.549,80	0,00	0,00	0,00
1140 Annonsering- informasjon	103.621,07	152.129,00	152.129,00	0,00
1150 Kurs/opplæring- ikke oppgavepliktig	7.805,00	22.462,00	22.462,00	0,00
1151 Oppholdsutgifter kurs og opplæring- ikke oppgavepl.	307,00	0,00	0,00	0,00
1170 Transport og reiseutgifter ansatte- ikke oppgavepl.	15.622,14	18.378,00	18.378,00	0,00
1171 Reise/opphaldsutgifter artistar - ikkje oppg.pl.	21.026,67	0,00	0,00	0,00
1180 Strøm	194.310,04	185.822,00	185.822,00	0,00
1185 Skade/ansvarsforsikring	16,00	26.546,00	26.546,00	0,00



## Økonomisk oversikt - drift

5 Ingebrikt Davik-huset KF - 2020

22.02.2021

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
1186 Yrkesskade/ulykkesforsikring- ikke oppgavepl.	4.185,19	20.420,00	20.420,00	0,00
1195 Kommunale gebyrer og avgifter	71.000,00	32.672,00	32.672,00	0,00
1196 Licenser/kontingenter	81.831,67	0,00	0,00	0,00
1199 Andre avgifter og gebyrer	72.042,12	122.520,00	122.520,00	0,00
1200 Inventar og utstyr (kjøp og finansiell leasing)	445.948,65	125.583,00	125.583,00	0,00
1220 Leie av IKT-utstyr	2.407,20	0,00	0,00	0,00
1221 Leige av andre driftsmidler	0,00	13.273,00	13.273,00	0,00
1230 Tjenester og materiell til vedlikehold bygg/anlegg- ir	50.000,00	71.470,00	71.470,00	0,00
1240 Reparasjon/vedlikehold utstyr	36.778,11	76.575,00	76.575,00	0,00
1241 Service- og driftsavtaler	155.906,00	78.617,00	78.617,00	0,00
1271 Konsulenttjenester	98.800,00	8.168,00	8.168,00	0,00
1370 Kjøp av tjenester fra private (artistar-honorar)	373.049,64	0,00	0,00	0,00
1380 Kjøp fra kommunalt foretak/kommune	0,00	309.300,00	309.300,00	0,00
1490 Reserverte løvningar/avsetjingar (kun til bruk i buds,	0,00	40.986,00	40.986,00	0,00
13 Overføringer og tilskudd til andre	186.907,78	175.270,00	175.270,00	0,00
1429 Merverdiavgift utenfor mva-loven (komp)	186.907,78	175.270,00	175.270,00	0,00
14 Avskrivninger	0,00	0,00	0,00	0,00
<b>15 Sum driftsutgifter</b>	<b>4.750.919,14</b>	<b>5.149.873,00</b>	<b>5.149.873,00</b>	<b>0,00</b>
<b>16 Brutto driftsresultat</b>	<b>-188.312,22</b>	<b>-75,00</b>	<b>-75,00</b>	<b>0,00</b>
<b>Finansinntekter</b>				
17 Renteinntekter	21.799,74	0,00	0,00	0,00
1900 Renteinntekter bankinnskudd	-20.792,77	0,00	0,00	0,00
1910 Andre renteinntekter	-1.006,97	0,00	0,00	0,00
18 Utbytter	0,00	0,00	0,00	0,00
19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	0,00	0,00	0,00	0,00
20 Renteutgifter	455,86	0,00	0,00	0,00
1502 Andre finansutgifter (forinkelsesrenter m.m)	455,86	0,00	0,00	0,00
21 Avdrag på lån	0,00	0,00	0,00	0,00
<b>22 Netto finansutgifter</b>	<b>21.343,88</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
23 Motpost avskrivninger	0,00	0,00	0,00	0,00
<b>24 Netto driftsresultat</b>	<b>-166.968,34</b>	<b>-75,00</b>	<b>-75,00</b>	<b>0,00</b>
<b>Disp. eller dekning av netto driftsresultat:</b>				
25 Overføring til investering	0,00	0,00	0,00	0,00
26 Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	0,00	0,00	0,00	0,00
27 Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	166.968,34	0,00	0,00	0,00
1940 Bruk av disposisjonsfond	-166.968,34	0,00	0,00	0,00
28 Bruk av tidligere års mindreforbruk	0,00	0,00	0,00	0,00
28 Dekning av tidligere års merforbruk	0,00	0,00	0,00	0,00
<b>29 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat</b>	<b>166.968,34</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
30 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	0,00	0,00	0,00	0,00



## Oversikt - balanse

5 Ingebrigtsen Davik-huset KF - 2020

22.02.2021

Regnskap 2020 Regnskap 2019

### EIENDELER

A. Anleggsmidler	2.504.376,00	1.414.347,00
I. Varige driftsmidler	0,00	0,00
1. Faste eiendommer og anlegg	0,00	0,00
2. Utstyr, maskiner og transportmidler	0,00	0,00
II. Finansielle anleggsmidler	25.815,00	20.031,00
1. Aksjer og andeler	25.815,00	20.031,00
221550001 KLP - eigenkapitalinnskot	25.815,00	20.031,00
2. Obligasjoner	0,00	0,00
3. Utlån	0,00	0,00
III. Immaterielle eiendeler	0,00	0,00
IV. Pensjonsmidler	2.478.561,00	1.394.316,00
220550001 Pensjonsmidler KLP	2.478.561,00	1.394.316,00
B. Omløpsmidler	1.825.959,81	1.383.508,94
I. Bankinnskudd og kontanter	1.632.020,27	787.499,26
210000001 Kontantkasse 1	5.847,00	4.000,00
210000002 Vekselkasse	7.000,00	7.000,00
210070001 Skattetrekkskonto 4202.46.45287	119.920,57	91.842,00
210320001 Sparebank 1 SMN 4202.46.45295 Driftskto	907.704,83	612.659,53
210320002 Sparebank 1 SMN 4212.54.95944 OCR	274.913,14	0,00
210320003 Sparebanken Møre 3910 28 81102	316.634,73	71.997,73
II. Finansielle omløpsmidler	0,00	0,00
1. Aksjer og andeler	0,00	0,00
2. Obligasjoner	0,00	0,00
3. Sertifikater	0,00	0,00
4. Derivater	0,00	0,00
III. Kortsiktige fordringer	193.939,54	596.009,68
1. Kundefordringer	168.076,75	614.634,68
213080009 KORTSIKTIG FORDRING (YMSE INNBET)	0,00	300.000,00
213640800 Oppgjørskonto momskomp. - RF0009	0,00	44.926,64
213890010 Kundefordring Ingebrigtsen Davik-huset	69.906,50	0,00
213890011 Kundefordring 2019 - gammal base	0,00	79.786,00
213890050 Oppgjørskonto EXE - DX	56.141,08	122.800,54
213890060 Oppgjørskonto Izettle	42.029,17	67.121,50
2. Andre kortsiktige fordringer	92.764,64	0,00
213610001 Refusjon NAV	7.793,00	0,00
213640800 Oppgjørskonto momskomp. - RF0009	84.971,64	0,00
3. Premieavvik	-66.901,85	-18.625,00
219080001 Premieavvik KLP	-58.635,00	-16.324,00
219080002 AGA premieavvik KLP	-8.266,85	-2.301,00
<b>Sum eiendeler</b>	<b>4.330.335,81</b>	<b>2.797.855,94</b>

### EGENKAPITAL OG GJELD

C. Egenkapital	145.376,77	464.755,92
I. Egenkapital drift	546.852,58	713.820,92
1. Disposisjonsfond	546.852,58	713.820,92
256080001 Disposisjonsfond	-546.852,58	-713.820,92
2. Bundne driftsfond	0,00	0,00
3. Merforbruk i driftsregnskapet	0,00	0,00
4. Mindreforbruk i driftsregnskapet	0,00	0,00
II. Egenkapital investering	0,00	0,00
1. Ubundet investeringsfond	0,00	0,00
2. Bundne investeringsfond	0,00	0,00



## Oversikt - balanse

5 Ingebrigts Davik-huset KF - 2020

22.02.2021

	Regnskap 2020	Regnskap 2019
3. Udekket beløp i investeringsregnskapet	0,00	0,00
III. Annen egenkapital	-401.475,81	-249.065,00
1. Kapitalkonto	-401.475,81	-249.065,00
<i>259908001 Kapitalkonto</i>	401.475,81	249.065,00
2. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen drift	0,00	0,00
3. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen investering	0,00	0,00
<b>D. Langsiktig gjeld</b>	<b>2.905.851,81</b>	<b>1.663.412,00</b>
I. Lån	0,00	0,00
1. Gjeld til kredittinstitusjoner	0,00	0,00
2. Obligasjonslån	0,00	0,00
3. Sertifikatlån	0,00	0,00
II. Pensjonsforpliktelse	2.905.851,81	1.663.412,00
<i>240080001 KLP pensjonsforpliktelser</i>	-2.853.049,00	-1.630.158,00
<i>240080003 KLP pensjonsforpliktelser AGA</i>	-52.802,81	-33.254,00
<b>E. Kortsiktig gjeld</b>	<b>1.279.107,23</b>	<b>669.688,02</b>
I. Kortsiktig gjeld	1.279.107,23	669.688,02
1. Leverandørgjeld	562.763,03	0,00
<i>232200001 Leverandørgjeld</i>	-561.495,35	0,00
<i>232650004 Kortsiktig gjeld Ålesund kommune</i>	-1.267,68	0,00
2. Likviditetslån	0,00	0,00
3. Derivater	0,00	0,00
4. Annen kortsiktig gjeld	716.344,20	669.688,02
<i>232080001 Påløpte kostnader</i>	-90.000,00	0,00
<i>232151001 Kortsiktig gjeld kreditorar arrangement</i>	0,00	-6.840,00
<i>232200005 Leverandørgjeld gammal base</i>	0,00	-69.959,91
<i>232640001 Skattetrekk skyldig</i>	-118.649,00	-90.923,00
<i>232640004 Arbeidsgiveravgift skyldig</i>	-34.064,27	-63.016,00
<i>232640005 Arbeidsgiveravgift feriepenger</i>	-31.391,73	-26.330,48
<i>232640100 Oppgjørskonto mva - RF0002</i>	3.124,76	-14.734,24
<i>232650002 Mellomrekning selskap 1 Åles.kommune</i>	0,00	-38.477,61
<i>232890001 Årets avsetning feriepenger</i>	-167.435,14	0,00
<i>232890002 Fjoråretsavsetning feriepenger</i>	-0,06	-186.731,78
<i>232890005 Oppgjørskto. Lønnslister</i>	-1.730,76	0,00
<i>232992001 Interimskonto arrangement</i>	-250.388,00	-134.074,00
<i>232992011 Gåvekort</i>	-25.810,00	-38.601,00
5. Premieavvik	0,00	0,00
<b>Sum egenkapital og gjeld</b>	<b>4.330.335,81</b>	<b>2.797.855,94</b>
<b>F. Memoriakonti</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
I. Ubrukte lånemidler	0,00	0,00
II. Andre memoriakonti	0,00	0,00
III. Motkonto for memoriakontiene	0,00	0,00

## NOTE OM KAPITALKONTO

<u>Saldo 01.01.</u>	<u>249 065</u>
---------------------	----------------

**Auke av kapitalkonto (kreditposteringar)**

Egenkapitaltilskudd	5 784
Auke i pensjonsmidlar	1 084 245

**Reduksjon av kapitalkonto (debetposteringar)**

Auke pensjonsforpliktelsar	1 242 440
----------------------------	-----------

<u>Saldo 31.12.</u>	<u>401 476</u>
---------------------	----------------

## NOTE OM YTINGAR TIL LEIING

Dagleg leiar	597 349	2020
--------------	---------	------

Styre inkl. styreleiar	67 755	2020
------------------------	--------	------



**SPESIFIKASJONER FOR REGNSKAPSFØRING OG PENSJONSNOTE 2020**

01534-004 Ingebrigts Davik-huset KF  
Fellesordning for kommuner

<b>PENSJONSKOSTNADER</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>
Årets opptjening	261 487	261 268
Rentekostnad	62 698	97 358
Brutto pensjonskostnad	324 185	358 626
Forventet avkastning	-54 589	-92 335
Netto pensjonskostnad	269 596	266 291
Sum amortisert premieavvik	-51 449	-16 324
Administrasjonskostnad/Rentegaranti	11 658	11 255
Samlet kostnad (inkl. administrasjon)	229 805	261 222
<b>PREMIEAVVIK</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>
Innbetalt premie/tilskudd (inkl. adm.)	264 930	218 911
Administrasjonskostnad/Rentegaranti	-11 658	-11 255
Netto pensjonskostnad	-269 596	-266 291
Premieavvik	-16 324	-58 635
<b>PENSJONSFORPLIKTELSE</b>	<b>31.12.2019</b>	<b>31.12.2020</b>
	<b>ESTIMAT</b>	<b>ESTIMAT</b>
Brutto påløpt forpliktelse	1 630 158	2 853 049
Pensjonsmidler	1 394 316	2 478 561
Netto forpliktelse før arb.avgift	235 842	374 488
<b>SPESIFIKASJON AV BRUTTO PENSJONSFORPLIKTELSE UB - ESTIMAT</b>	<b>2020</b>	
Overførte/mottatte pensjonsforpliktelser 1.1	0	
Brutto pensjonsforpl. IB 1.1 - estimat i fjer samt fisjon/fu	1 630 158	
Estimatavvik forpliktelse IB 1.1	916 221	
Overførte/mottatte avvik	0	
Faktisk forpliktelse	2 546 379	
Årets opptjening	261 268	
Rentekostnad	97 358	
Utbetalinger	-51 956	
Brutto pensjonsforpliktelse UB 31.12	2 853 049	
<b>SPESIFIKASJON AV BRUTTO PENSJONSMIDLER UB - ESTIMAT</b>	<b>2020</b>	
Overførte/mottatte pensjonsmidler 1.1	0	
Brutto pensjonsmidler IB 1.1	1 394 316	
Estimatavvik midler IB 1.1	836 210	
Overførte/mottatte avvik	0	
Faktiske pensjonsmidler	2 230 526	
Innbetalt premie/tilskudd (inkl. adm.)	218 911	
Administrasjonskostnad/Rentegaranti	-11 255	
Utbetalinger	-51 956	
Forventet avkastning	92 335	
Brutto pensjonsmidler UB 31.12	2 478 561	

<b>AMORTISERING AV PREMIEAVVIK</b>	<b>2020</b>
Sum amortisert premieavvik til føring	-16 324
Akkumulert premieavvik	-58 635
 <b>AVSTEMMING</b>	 <b>2020</b>
Balanseført netto forpliktelse IB 1.1	235 842
Netto pensjonskostnad	266 291
Administrasjonskostnad/Rentegaranti	11 255
Innbetalt premie/tilskudd (inkl. adm.)	-218 911
Brutto estimatavvik	80 011
Nettoeffekt av fusjon/fusjon	0
Balanseført netto forpliktelse UB 31.12	374 488
 <b>SPESIFIKASJON AV ESTIMATAVVIK, PLANENDRING OG TARIFFENDRING</b>	 <b>2020</b>
Endret forpliktelse - Planendring	-295 147
Endret forpliktelse - Ny beregningstariff	0
Endret forpliktelse - Øvrige endringer	1 211 368
Endringer forpliktelse - Totalt	916 221
 <b>MEDLEMSSTATUS</b>	 <b>01.01.2019</b>
Antall aktive	4
Antall oppsatte	8
Antall pensjoner	0
Gj.snittlig pensjonsgrunnlag, aktive	424 875
Gj.snittlig alder, aktive	39,40
Gj.snittlig tjenestetid, aktive	6,19
 <b>FORUTSETNINGER</b>	 <b>2019</b>
Diskonteringsrente	4,00 %
Lønnsvekst	2,97 %
G-regulering	2,97 %
Pensjonsregulering	2,20 %
Forventet avkastning	4,50 %
Amortiseringstid	1
	 <b>2020</b>
	3,50 %
	2,48 %
	2,48 %
	1,71 %
	4,00 %
	1

000131470/10.01.2021/1/01

# INGEBRIGT DAVIK HUSET KF 2020

## Note - Endring i arbeidskapital

### Del 1 Endring i arbeidskapital drift/investering

Anskaffelse av midler:	
Inntekter driftsdel	4 562 607
Inntekter investeringsdel	
Eksterne finansieringstransaksjoner	21 344
Sum anskaffelser:	4 583 951
Anvendelse av midler:	
Utgifter driftsregnskapet	-4 750 919
Utgifter investering	
Sum anvendelse:	-4 750 919
<b>ENDRING I ARBEIDSKAPITAL:</b>	<b>-166 968</b>

### Del 2 Endring i arbeidskapital balanse

Endring av kortsiktige fordringer	-402 070
Endring betalingsmidler	844 521
Endring annen kortsiktig gjeld	-609 419
<b>ENDRING I ARBEIDSKAPITAL:</b>	<b>-166 968</b>



# INGEBRIGT DAVIK HUSET KF 2020

Note vedr Fordringar og gjeld til eigen kommune, andre KF og interkommunale samarbeid.

Kommunal virksomhet - navn	31.12.2020		31.12.2019	
	Fordringer	Gjeld	Fordringer	Gjeld
Kortsiktige postar				
Haram kommune, mva komp			44 923	
Haram kommune, faktura ført i HK				38 478
Ålesundkommune, OU midlar		1 268		
Sum kortsiktige postar	0	1 268	44 923	38 478
Langsiktige postar				
Ålesund/Haram kommune	0	0	0	0

Note vedr Fordeling av inntekter og utgifter

	Totalt	Eigen kommune	EKS/egen kommune er deltaker	Andre
Driftsinntekter	0			
Andre salgs- og leieinntekter	834 040			834 040
Overføring uten krav til motytelse	2 828 000	2 678 000		150 000
Overføringer med krav til motytelse	900 567	125 000		775 567
Totalt (sum driftsinntekter)	4 562 607	2 803 000	0	1 759 607
Driftsutgifter				
Kjøp av varer og tenester inkl lønn	4 750 919			4 750 919
Kjøp av fellestjenester	0			
Overføring uten krav til motytelse	0			
Overføring med krav til motytelse	0			
Totalt (sum driftsutgifter)	4 750 919	0	0	4 750 919

## NOTE 8 Motmidlar

For 2020 vart det overført dobbelt vedr Motmidlar.

Det var både inkludert i overført driftstilskot, og betalt ut på grunnlag av faktura. Det vart overført kr 125.000 for mykje.



Bjørn Sandnes  
Bjørn Sandnes

Arild Eiken  
Arild Eiken

Hilde K. Haram  
Hilde Haram

Julianne Høistad Aakre  
Julianne Høistad Aakre

Øyvind Levåg  
Øyvind Levåg

Lisa Alvestad  
Lisa Alvestad

10.05.21

# ÅRSMELDING 2020

## INGEBRIGT DAVIK-HUSET KF



## 1. INNLEIING

### Verksemda

Ingebrigts Davik-huset KF er eit kulturhus som ligg i Brattvåg (gamle Haram kommune). Kulturhuset vart opna i 2006 og er organisert som eit kommunalt føretak eigd av Ålesund kommune. Ingebrigts Davik-huset ligg i sentrum av Brattvåg og er ein integrert del av Haramssenteret. Føretaket er ein samlande kulturinstitusjon for heile bydelen.

Kulturhuset er både arrangør av ulike kulturarrangement og leiger ut sine lokaler til kultur- og næringslivet, samt private aktørar. I tillegg ligg Brattvåg kino under føretaket. Tilbodet vårt inneholder både nasjonale og lokale innslag frå både amatørar og profesjonelle, og er meint for alle aldersgrupper.

Føretaket gjer i tillegg til drift av kulturhuset og kino fleire oppgåver for kommunen. Kulturhuset er involvert i arbeidet med å gjennomføre UKM, i tillegg til MOT-prosjektet som skulane er med i. Kulturhuset samarbeider også med mellom anna Brattvåg i sentrum (Myldredagane), Brattvåg Bowling, ungdomskoret UHØRT, koret aChoir, Seniordans, Brattvåg Fjordhotell, Brattvåg IL, Kulturkafeen og andre for gjennomføring av arrangement.

### Organisasjon og administrasjon

Ingebrigts Davik-huset hadde 4 årsverk i 2020: dagleg leiar, kino-/teknisk ansvarleg, arrangementsansvarleg og ungdom/administrasjonskonsulent.

- Av dei tilsette er det 3 menn og 1 kvinne. Ingebrigts Davik-huset skal være ein inkluderande arbeidsplass, uavhengig av kjønn, religion, etnisitet og seksuell legning.

Den frivillige innsatsen vert ikkje rekna som årsverk, men det må understrekast at aktivitetsnivået ville sett annleis ut om det ikkje hadde vore mange som stilte opp frivillig ved behov.

### Styret

I 2020 hadde Ingebrigts Davik-huset KF følgjande styremedlemmar:

Bjørn Sandnes	Styreleiar – (kommunerepresentant)
Arild Eiken	Nestleiar – (Næringsliv)
Lisa Alvestad	Styremedlem (kom.område kultur og medborgarskap)
Julianne H. Aakre	Styremedlem (kulturliv)
Hilde Karin Haram	Styremedlem (Frivillig/tilsett)
Øyvind Lervåg	Styremedlem (kulturliv)

### Vara i rekkefølge:

Emil Korsnes	kommunestyrerrepresentant
Inger Neergård	kultur
Håvard Urkedal	vara kommunestyrerrepresentant
Svein Harsjøen	kultur/idrett
Eva Nymoen Rogne	kultur
Leif Hofseth	næringsliv

- Kjønnslikestilling er eit av elementa som valkomiteen har hatt fokus på, og som ein ser er det like mange menn og kvinner i Ingebrigts Davik-styret.

I 2020 hadde styret 4 møter og 30 saker til behandling.

## 2. Forklaring av budsjettavvik

Føretaket hadde i 2020 ei budsjettramme på kr 5 048 000. Inntektene kjem frå overføringer frå kommunen, billettsal, utleige, sponsorar, kiosksal, sal av reklame, samt noko frå støtteordningar. Under er ei oversikt over viktige inntekts- og utgiftspostar for føretaket.

Inntektspostar	Budsjett 2020	Rekneskap 2020
Overføring frå kommunen	2 470 000	2 678 000
MOT midlar frå kommunen	125 000	125 000
Billettsal kultur	850 000	363 281
Billettsal kino	300 000	134 460
Utleige (eksterne)	425 000	282 783
Div sponsorar og støtte	200 000	150 000
Kiosksal	400 000	326 275
Sal av reklame kino	30 000	10 000

Utgiftspostar	Budsjett 2020	Rekneskap 2020
Lønskostnadar	2 540 000	2 437 000
Inventar og vedlikehald	182 000	533 000
Energi	202 000	194 000
Artisthonorar	725 000	383 000
Leige av film	170 000	101 000
Kioskvarer	170 000	178 000

Rekneskapen for 2020 viser eit underskot på kr 166 968. Kulturåret vart veldig amputert sidan vi vart hardt ramma av Covid-19 pandemien. Vi hadde færre arrangement enn normalt, og på dei arrangementa vi gjennomførte var det restriksjonar på publikummarar. Vi fekk noko støtte frå Kulturrådet, om lag 200.000 kr totalt, men sjølv utbetalinga til dei gjennomførte arrangementa var ikkje talfesta, og vert betalt ut i 2021. Ingebrigts Davik-huset har også fått støtte frå Kulturrom (Musikkutstyr ordninga). Desse investeringane vart gjort seint i 2020, og støttemidlane vart ikkje utbetalt i 2020, men 2021. Meirforbruket på inventar og utstyr kom som ein konsekvens av eit relativt akutt behov for ny lysmiksar, kombinert med at vi fekk innvilga støtte til innkjøp av denne. I tillegg investerte vi i belysning av fasaden, og sparte pengar ved å gjere denne jobben, når vi likevel hadde både personell og stillas til å gjere dette.



### Sponsorar og tilskot

Til forskjell frå mange andre kulturhus, har Ingebrigtsen-huset gode sponsoravtalar med næringslivet. Styret er aktivt med i sponsorarbeidet og held kontakt med ulike aktørar i næringslivet. I 2020 hadde Ingebrigtsen-huset sponsoravtalar med følgjande bedrifter:

- Kongsberg Maritime
- Nogva Motorfabrikk
- Ulmtec
- LAG Invest

Vi fekk tildelt tilskot frå følgjande aktørar:

- Kulturrådet – Stimuleringsmidlar ifm pandemien.
- Kulturrom – støtte til innkjøp av musikkutstyr
- Kulturrabatt for ungdom. (kompensasjon for rabatterte ungdomsbillettar til kino og kultur)
- Sparebanken Møre – Støtte til innkjøp av musikkutstyr

I 2020 fekk vi inn totalt kr 150 000 i sponsormidlar, noko som er lågare enn tidlegare år. Vi merkar godt at det er urolege tider for næringslivet, men det jobbast kontinuerleg med å skaffe nye samarbeidspartnarar som kan hjelpe oss økonomisk eller omdømme messig.



KONGSBERG



NOGVA



Takk til våre sponsorar!

### 3. KULTURHUS

#### Program 2020

Dato	Arrangement	Sjanger	Arrangør
19.1	Blues Brothers, Brattvåg skulekorps	Musikk	Brattvåg skulekorps
24.1	Stig Ulv	Musikk	ID-huset
26.1	Uhørt	Musikk	Uhørt
01.2	Halvor Johansson – Ta deg sammen!	Stand-up	ID-huset
08.2	UKM	Musikk	Ålesund kommune
11.2	Eva Joly - korupsjonsjegeren	Foredrag	ID-huset
11.2	Haramskonferansen	Konferanse	Haram Nærings- og Innovasjon
22.2	Kick-off Brattvåg IL	Diverse	ID-huset
27.2	aChoir	Musikk	aChoir – Brattvåg koret
28.2	Steinar Raknes & Unni Wilhelmsen	Musikk	ID-huset
01.3	Ein himmelsk lapskaus	Musikk	Himmelsk lapskaus
06.3	Vassendgutane	Musikk	Flan Booking
12.6	Fotballquizz	Div	ID-huset
19.6	BRiiF	Musikk	BRiiF
05.9	Kurt Sagen kvintett	Musikk	Kurt Sagen
07.9	Slattekar i himmelen	Teater	Teatret Vårt
25.9	Ørjan Burøe – I karantene	Stand-up	Booking & eventservice
26.9	Horizon Project m/ aChoir	Musikk	aChoir
18.10	Brattvåg janitsjar - Stjernekompani	Musikk	Brattvåg janitsjar
23.10	Hedvig Mollestad - Ekhidna	Musikk	ID-huset
31.10	Mil etter Mil – En hyllest til Teigen	Musikk	Roy Carlsen
06.11	Luke Elliot	Musikk	ID-huset
08.11	The darkside of Uhørt	Musikal	Uhørt
27.11	Deilig er Jorden	Teater	Teatret Vårt
28.11	Begredeleg bingo og quiz	Div	ID-huset
05.12	Tommy Steine	Stand-up	ItsShowtimet
08.12	Snekker Anderssen & Julenissen	Teater	Nama
13.12	Brattvåg skulekorps	Musikk	Brattvåg skulekorps
19.12	Jul på Sunnmørsk x 3 konserter	Musikk	ID-huset
26.12	Gine Gaustad Anderssen	Musikk	ID-huset
28.12	Begredeleg bingo og romjulsquizz	Div	ID-huset

#### Innheld og vurdering av måloppnåing

Som oversikta viser, var det 32 kulturproduksjonar på Ingebrigts Davik-huset i 2020. 13 konsertar/teater vart avlyst eller utsett grunna covid-19 pandemien. Vi har hatt eit rimeleg høgt aktivitetsnivå, til tross for restriksjonane. Vi har hatt tilsette som har evna å omstille seg, og vi har ei fin gruppe med frivillige som stiller opp ved behov. Utan dyktige frivillige hadde det vore umogleg å halde eit slikt aktivitetsnivå.

12 av produksjonane er det føretaket sjølv som har stått for. Som arrangør har ID-huset hatt som mål å treffe breitt i både sjanger og målgrupper: her skal vere noko for alle!

Kwart år har vi eit mål om å tilby noko nytt, noko vi ikkje har gjort før. Nytt av året er Bingo og quizkveldar, i tillegg til Kick-off for Brattvåg IL. Dette er aktivitetar som nok vil verte årlege innslag i åra som kjem. Vi har også eit overordna mål om å tilby arrangement i ulike sjangrar og til alle aldersgrupper. Dette klarte vi også dette året, sjølv med eit amputert program.

### God mix

Programmet i 2020 vart litt annleis enn det vi hadde sett for oss. Det vart mange avlysningar når pandemien kom, og naturleg nok var det dei mest kommersielle artistane som trekte seg først. Vi vart nøydde til å områ oss tidleg, og klarte å sette saman eit rimeleg bra program, men med overvekt av lokale innslag. Likevel har vi hatt aktivitet for born, ungdom, vaksne og godt vaksne, i ulike sjangrar.




### Billettsal kultur

2020 viser naturlegvis ein stor nedgang i billettsalet, frå 2019 til corona-året 2020. Heile året har vore prega av uro, endringar og begrensingar. Men alt i alt er vi privilegerte som har fått lov til å arrangere so mange arrangement som vi faktisk har gjort. Dette skuldast at vi har eit fleksibelt kulturhus. Vi har amfi med 315 fastmonterte stolar, men vi kan også kjøre inn amfiet, og gjøre om lokalet med småbord og stolar. I tillegg har vi Kulturstua i 3.etg, der vi kan ha intimkonsertar, quiz, bingo og stand-up show. Dette gir mange moglegeheiter, også når det er ei svart krevjande tid i bransjen.


Tala er henta frå billettsystemet DX, og inkluderer såleis ikkje leigearrangement som går utanom vårt rapporteringssystem, samt sponsorbillettar og gratisarrangement.

Figur 1 viser utviklinga i besøkande frå 2019-2020 for både kultur og kino:



Figur 1

Vi måtte bytte ut store delar av kulturprogrammet, og erstattarane var i all hovudsak lokale artistar. Det er naturleg at vi har lågare billettprisar på lokal produksjon, i tillegg til at det var reduksjon i selde billettar. Så det blir nesten litt urettferdig å ta med 2020 tala i statistikken, både når det gjeld kino og kultur.



Figur 2

### **Seminar og møteverksemd m.m.**

I tillegg til kulturprogram og kino, så blir kulturhuset brukt til seminar, møteverksemd og ulike typar lukka lag og arrangement som bryllaup, konfirmasjonar og liknande. Med i overkant av 200 årlege bookingar, utgjer dette ein monaleg del av den daglege drifta til føretaket. Normalt deltek anslagsvis 2-3000 personar i møte, kurs og selskap i løpet av året. I 2020 har nesten alt dette blitt avlyst.

### **Oppgraderingar i 2020**

Vi har fått på plass utsmykking av fasaden til Ingebrigts Davik-huset. Dette er maleri som er montert på fasaden, med tilhøyrande belysning. Det er den lokale kunstnarenne i Youri Art som har måla kunstverket, og verket viser tydeleg kva Ingebrigts Davik-huset står for.

I tillegg har Ingebrigts Davik-huset fått støtte frå Kulturrom og Sparebanken Møre. Dette har gjort det mogleg for oss å kjøpe mellom anna ny lysmiksar, lydmiksar til Kulturstua og 4 nye bevegelege lyskastarar til storsalen.

### **Flyndrefanten recordings**

Lydstudioet vårt, som vi kallar Flyndrefanten recordings er stadig i bruk. Vi har god kompetanse, er fleksible og imøtekommende i dette studioet. Her er det fotball-lag, skuleklassar, russ, band og enkeltpersonar som får kyndig hjelpe til å produsere sine eigne songar. Etter ei tid i studioet kan musikken med enkle grep vere tilgjengeleg for heile verda. Vi får gode tilbakemeldingar, og er også på dette feltet eit lågterskelt tilbod som vi håper enda fleire nyttar seg av.

## **4.KINO**

Vi har hatt ein nedgang i besøkstalet i 2020, dette er ikkje Brattvåg Kino aleine om. Kinoen har periodevis vore heilt stengd grunna pandemien, og resten av året har vi hatt restriksjonar. Vi har gått ned til kun ein visningsdag pr veke, og det har vore søndagar. Vi har hatt vekst i bursdagsvisningar, der vi åpner kinoen etter ønske. Vi er kanskje landets mest fleksible kino, og samarbeider godt med skulane og seniorar dersom det er aktuelle filmar dei vil vi skal sette opp.

Pga pandemien har det vore svært begrensa utval av nye filmar. Dette gjer det jo vanskeleg å trekke til seg publikum, og vi opplever sjølvsagt tøff konkurranse frå straumetenestene som publikum no kan få rett i eiga stue. Vi er innstilte på å komme sterkt tilbake etter pandemien. Vi trur kinoen vil ha ei rolle også i framtida, og ser for oss å ta naudsynte investeringar dei neste åra.

Kulturrådet har innvilga søknad om stimuleringsmidlar til Brattvåg kino. Dette har gjort at vi kunne halde open kino, til tross for betydeleg nedgang i besøkstalet.

### **Innhald**

Normalt har Brattvåg kino framsyningar på torsdagar, laurdagar og søndagar, i tillegg til enkelte premierevisningar på andre dagar. I 2020 har vi midlertidig justert oss ned til ein fast visningsdag. Vi viser då ein barnefilm/familiefilm, og ein film for vaksne.

## Besøk

2020 var eit begredeleg kinoår for heile bransjen. Her er det mange ting som spelar inn; kvalitet på filmar, finevêr, eit aukande streamingtilbod heime på tv-skjermen etc. Tala under er henta frå rapportserveren til DX:

	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Omsetning eks mva	538 879	471 860	362 327	361 295	265 965	134 337
Besøk	6 557	5 999	4 707	3 982	3 312	1 681
Titlar	80	74	79	92	99	57
Framsyningar	214	218	234	245	312	213
Snittbesøk	30	28	20	16	11	8

I 2020 finn vi i all hovudsak barne og familiefilmar på topp 10 lista. Så stor dominans i denne kategorien er litt spesielt, men trenden i 2020 har vore at det har kome ut fleire barne og familiefilmar, enn action og voksenfilmar. Dei største «voksenfilmane» har blitt utsett, eller sluppe direkte til straumetenester. Vi trur dette er ein trend som vil opphøre når pandemien ebbar ut.

Topp 10	Visninger	Besøk
1 Børnring 3 2D Norsk tale	5	196
2 Jul på KuToppen 2D Norsk tale	5	114
3 Knutsen & Ludvigsen 2 - Det Store Dyret 2D	5	104
4 Gledelig jul 2D Norsk tale Norsk tekst	7	78
5 Tunnelen	3	74
6 Frost 2 2D Norsk tale Norsk tekst	5	71
7 Trolls – Verdensturné Norsk tale 2D	4	66
8 Dianas bryllup 2D Norsk tale Norsk tekst	6	65
9 Familien Addams 2D Utekstet Norsk tale	5	59
10 Spion i aksjon 2D Norsk tale Norsk tekst	4	54

## 5. ETIKK

Både styret og dei tilsette ved Ingebrigts Davik-huset er aller kjende med ansvaret som følger, når ein er tilknytta eit offentleg kulturhus. Kulturhuset har mellom anna i sine vedtekter: *All verksemnd i bygget skal vere open for all lovleg kultur- og organisasjonsverksemd. Ingen må stengast ute pga. religiøse, sosiale eller politiske omsyn.*

Kulturhuset følger også kommunen sine standarder ifm innkjøp.

Openheit i organisasjonen er viktig. Dette gjelder på leiarnivå, tilsette og frivillige, så vel som utad til både publikum og artistar. Vi opplever stor tillit frå våre samarbeidspartnarar, sponsorar, arrangørar og publikum.

Det har ikkje vore nokon saker i 2020 med brudd på etisk regelverk i foretaket.»

## 6.DRIFT

Ingebrigts Davik-huset har endelig fått ferdigstilt fasaden på ytterveggen mot Miljøgata. Isolasjon og panel kom på i 2019, og på slutten av 2020 kom også utsmykkinga på plass, med belysning. Dette har fått særskilte tilbakemeldinger fra lokalbefolkinga, så vi er glade for at vi etter mykje fram og tilbake fekk dette på plass.

I tillegg har vi med støtte frå Sparebanken Møre og Musikkutstyrssordninga kjøpt inn ny lysmiksar i storsalen. Dette var etterlengta, og gir mange fleire tekniske mogleheter. Vi har også fått på plass nokre nye lyskastarar, slik at lyspakken i storsalen er komplett.

Lydmiksaren i kulturstua havarerte, så denne er også erstatta.



Brattvåg 29.04.2021

Kjetil Heggdal  
dagleg leiar

Bjørn Sandnes  
Styrelseleiar

Arild Eiken  
Nestleiar

Øyvind Lervåg  
Styremedlem

Lisa Alvestad  
Styremedlem  
EMIL KORSNES  
(VARA)

Hilde Haram  
Styremedlem

Julianne Høistad Åkre  
Styremedlem

10